

# MØTEPROTOKOLL

---

**Utval:** Personal og økonomiutvalet  
**Møtestad:** kommunehuset  
**Møtedato:** 07.12.05 **Tid:** 13.30 – 15.00

---

Innkalling til møtet vart gjort i samsvar med § 32 i kommunelova.

Sakslista vart sendt medlemene og varamedlemene (evt. dei to første varamedlemene på kvar valliste) i brev .

Møtet vart kunngjort i Samningen.

Av 5 medlemmer møtte 5, inkl. varamenn:

**Andre som var tilstade på møtet:**

Adm.sjef

**Merknader:**

Evt. merknader til protokollen må sendast Samnanger kommune innan 3 dagar.

Tysse, 12. desember 2005

**GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKSLISTE:**

Innkalling og saklista vart samrøystes godkjend.

**GODKJENNING AV PROTOKOLL FRÅ FØRRE MØTE:**

Protokollen frå førre møtet vart godkjend med ein del merknader.

**UTVALET SITT KVARTER:**

**Bright Olav Gåsdal** stilte spørsmål om vidare utbygging av breiband.

Ordføraren orienterte om at det vert arbeidd med saka, og det vert lagt fram melding om dette til kommunestyret.

**Jon Magne Bøgevik** viste til at det sto i avisa BA om at det var mangel på næringsareal i Bergensregionen. Korleis går Samnanger kommune fram for å marknadsføre området på Våge. Ordføraren peika på at mangel på ressursar i administrasjonen gjer at dette arbeidet ikkje har fått prioritet.

Bøgevik spurde om det skal inngåast eit samarbeid med private firma.

**MERKNADER TIL SKRIV OG MELDINGAR:**

Ordføraren orienterte om fylgjande:

- ✓ Kvammapakken – Bompengeselskapet i Kvam ønskjer møte med Samnanger kommune
- ✓ Skriv til Helse Bergen med purring på evaluering av ambulanseordninga
- ✓ Liavegen er stengd i samband med utbetring av vegen
- ✓ Folketalet pr. 1.10.2005 er gått opp i høve til 01.01.2005, noko som kan verke positivt inn på rammetilskotet.
- ✓ Pensjonskostnader og forventningar om meirutgifter i 2005 og 2006
- ✓ Momsrefusjon – ordføraren har teke kontakt med stortingsrepresentantar for å legge fram Samnanger kommune sin situasjon om at me ikkje har fått full kompensasjon.
- ✓ Ordførar og tilsett i Bjørnefjorden næringsutvikling har vore i møte med fylkesmannen og fylkesordføraren for å orientera om at det vert laga eit forprosjekt med tanke på at ein kan få vurdert å byggja opp eit kompetansesenter i Samnanger knytt til mini -, micro – og småkraftverk.
- ✓ Administrasjonsjefen orienterte om eit barnevernstiltak som kommunen har i gang, og der staten er inne og dekker større deler av utgiftene. Staten har varsla at dei trekkjer seg ut frå nyttår, men kommunen har protestert på det. Uansett vil heile ansvaret og kostnaden verta kommunal frå mai. Det vert arbeidd med å definera omfanget av hjelpebehovet framover, men det vert svært kostesamt for kommunen. Berre delar av dette er lagt inn i budsjettet for 2006.

Desse sakene vart handsama:

## SAKSLISTE

<b>Utvalgssakstype/nr.</b>	<b>Arkivsaksnr. Tittel</b>
0046/05	05/00170 <b>REHABILITERING SKULEBYGG UNDER ORDNINGA MED RENTEKOMPENSASJON</b>
0047/05	05/00132 <b>BRUK AV MIDLAR TIL UTARBEIDING AV PLAN FOR FORVALTNINGSREVISJON OG SELSKAPSKONTROLL</b>
0048/05	05/00163 <b>BJØRNEFJORDEN NÆRINGSUTVIKLING - EVALUERING.</b>
0049/05	05/00399 <b>FØRESPURNAD OM KJØP AV TOMT I BUSTADFELTET PÅ ROLVSVÅG</b>
0050/05	05/00428 <b>NYTT BANENETT ØST - VEST I SØR-NOREG FØRESPURNAD OM TILSKOT</b>

0046/05

## **REHABILITERING SKULEBYGG UNDER ORDNINGA MED RENTEKOMPENSASJON**

### **Framlegg til vedtak::**

Det vert gjennomført omfattande vedlikehald/rehabilitering av Nordbygda skule og Samnanger ungdomsskule i samsvar med notat av 29.11.2005 men med fylgjande rammer: Samnanger kommune nyttar inntil kr 700.000 kroner på Nordbygda skule og inntil kr 2.3 mill. kroner til Samnanger ungdomsskule av tildelt statleg ramme i orndinga med rentekompensasjon til skulebygg.

### **Handsaming i møte:**

**Jon Magne Bøgevik** sette fram slikt framlegg:

Nordbygda skule vert sett opp med	1.000.000 kroner
Samnanger ungdomsskule	2.000.000 kroner.

Det vart røysta alternativt over framlegg til vedtak og framlegget frå Bøgevik. 1 røysta for framlegget frå Bøgevik og 4 for framlegg til vedtak.

### **Vedtak:**

Det vert gjennomført omfattande vedlikehald/rehabilitering av Nordbygda skule og Samnanger ungdomsskule i samsvar med notat av 29.11.2005 men med fylgjande rammer: Samnanger kommune nyttar inntil kr 700.000 kroner på Nordbygda skule og inntil kr 2.3 mill. kroner til Samnanger ungdomsskule av tildelt statleg ramme i orndinga med rentekompensasjon til skulebygg.

0047/05

## **BRUK AV MIDLAR TIL UTARBEIDING AV PLAN FOR FORVALTNINGSREVISJON OG SELSKAPSKONTROLL**

### **Framlegg til vedtak::**

Det vert stilt til disposisjon for kontrollutvalet kr 35.000 til kjøp av tenester frå Noraudit ans til utarbeiding av plan for forvaltningsrevisjon i samsvar med skriv frå selskapet. Utgiftene vert å føra på funksjon 1.1001.1003.

### **Handsaming i møte:**

Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

### **Vedtak:**

Det vert stilt til disposisjon for kontrollutvalet kr 35.000 til kjøp av tenester frå Noraudit ans til utarbeiding av plan for forvaltningsrevisjon i samsvar med skriv frå selskapet. Utgiftene vert å føra på funksjon 1.1001.1003.

0048/05

### **BJØRNEFJORDEN NÆRINGSUTVIKLING - EVALUERING.**

#### **Framlegg til vedtak::**

Bjørnefjorden Næringsutvikling vert avvikla f.o.m. 01.04.2006.

Frå same tidspunkt vert det etablert eit felles næringskontor for kommunane Fusa, Os og Samnanger etter same modell som for felles landbrukskontor for dei same kommunane.

Personalet i Bjørnefjorden næringsutvikling vert tilbydd tilsetning i det nye næringskontoret.

Ansvarleg kommune vert Os kommune.

#### **Handsaming i møte:**

Det vart orientert om styrehandsaminga i BNU og Samnanger næringsforum. Desse to organa hadde ikkje noko å merkja til endringa.

#### **Vedtak:**

Bjørnefjorden Næringsutvikling vert avvikla f.o.m. 01.04.2006.

Frå same tidspunkt vert det etablert eit felles næringskontor for kommunane Fusa, Os og Samnanger etter same modell som for felles landbrukskontor for dei same kommunane.

Personalet i Bjørnefjorden næringsutvikling vert tilbydd tilsetning i det nye næringskontoret.

Ansvarleg kommune vert Os kommune.

0049/05

### **FØRESPURNAD OM KJØP AV TOMT I BUSTADFELTET PÅ ROLVSVÅG**

#### **Framlegg til vedtak::**

Før utvalet tek endeleg stilling til førespurnaden vert det teke synfaring på tomta.

#### **Handsaming i møte:**

**Jon Magne Bøgevik** sette fram slikt framlegg:

Aage Takvam får kjøpa tomt 19-45 for kr. 45.000.

**Brigt Olav Gåsdal** sette fram slikt framlegg:

Tomt 19-45 i Rolvsvåg bustadfelt vert flytta til lågaste prisgruppe.

Røysting: Ingen røysta for framlegg til vedtak, 4 røysta for framlegget frå Brigte Olav Gåsdal og 1 for framlegget frå Jon Magne Bøgevik.

#### **Vedtak:**

Tomt 19-45 i Rolvsvåg bustadfelt vert flytta til lågaste prisgruppe.

0050/05

**NYTT BANENETT AST - VEST I SØR-NOREG  
FØRESPURNAD OM TILSKOT**

**Framlegg til vedtak::**

Samnanger kommune finn ikkje å kunna stø søknaden frå Norsk Bane a.s. om tilskot til organisasjonen. Grunngevinga for dette er at kommunen ikkje har tilgjengelege midlar.

**Handsaming i møte:**

Utvalet vedtok å utsetja saka til neste møte.

**Vedtak:**

Saka vert utsett til neste møte